

From: Brit Irene Kvamme <brit.irene.kvamme@gmail.com>

Sent: onsdag 23. mars 2022 20:38:19

To: Postmottak Ulstein

Subject: Innspel framtidens skulestruktur

HLF Ytre Sunnmøre er eit lag som dekkjer dei fem kommunane Ulstein, Hareid, Herøy, Sande og Vanylven. Vi har eit foreldre - barn lag med foreldre til høyrslhemma barn.

Det er utfordrande for dei høyrslhemma borna å kome seg gjennom eit skuleløp på ein god måte. Nokre av dei mest kritiske punkta er at klassene ikkje er for store og at det er oversiktlege forhold. Praksisen med å setje inn fleire pedagogar vil ofte vere til lita hjelp for dei høyrslhemma borna, då det er den auka støymengda som kjem med fleire elevar som er problemet.

Det er med uro vi ser at Ulstein no vil legge ned dei to skulane som har dei beste forholda for høyrslhemma elevar. Her er det oversiktlege forhold for elevar og lærarar, bygga har store felles areal, store gode klasserom og store og oversiktlege uteområde. Dette gjer det lettare å ha oversikt, og å fungere fagleg og sosialt for dei borna som har høyrslsutfordringar.

På dei to skulane som det er foreslått å behalde vil det også bli dårlegare forhold for denne elevgruppa enn i dag, sidan klassene vil vekse ytterlegare og ein vil få enda større og meir uoversiktlege forhold for elevane.

Vi vil difor oppmode Ulstein kommune om å behalde den skulestrukturen ein har i dag.

HLF vil også nytte høvet til å oppfordre kommunen om å ta initiativ til ein interkommunal oversikt over lærarar som har kunnskap om høyrslshemming og teiknspråk. Då kan kommunane utveksle erfaring og personell når det dukkar opp ein elev som er døv eller høyrslhemma.

Beste helsing

HLF Ytre Sunnmøre

Brit Irene Kvamme

-leiar-